



GEFO Rørservice A/S
Postboks 1857 Nodnes
5816 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2004 - 14/6036

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
14.03.2014

Søknad om tilkopling til kommunal vassleidning til naust (2 rekkjer a 3 naust) - gbnr 81/67 - Risøy.

Delegert sak.

Vi viser til søknad m/vedlagt situasjonsplan av 21.02.14.

Type arbeid: Tilkopling til kommunal vassleidning m/utvendig vannpost for 2 rekkjer à 3 naust.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Vannmålar skal monterast i frostfri kum.

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonntent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserande tiltak.

Det skal varslast for kontroll og trykkprøving. Innmåling og innlevering av situasjonskart etter at anlegget er ferdig skal utførast av ansvarleg rørleggjar, saman med eigenkontrollskjema.

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til søkjar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.



Med helsing

Kari Elisabeth Iø
saksbehandlar

Kopi til:

Geir Paulsen

Hellebakken 12 5035

BERGEN

